



Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlande eining:
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:
Runa Aaland Eggum / 57655906

Vår referanse:
25/338021-7

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.09.2026

Varsel om oppstart av planarbeid i Sunnfjord kommune. Reguleringsplan E39 Grungen bru.

Statens vegvesen skal i samråd med Sunnfjord kommune i gang med å lage detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet. Vi ber med dette om innspel til arbeidet. Frist for innspel er **02.11.2026**.

Skildring av prosjektet

Planarbeidet omfattar eit punktutbetringstiltak med mål om å betre trafiksikkerheita og framkoma på E39 ved etablering av ny bru ved Grungen. Eksisterande bru har ikkje tilfredsstillande standard på bruerekkverket, og det er difor sett i verk mellombelse strakstiltak for å halde brua open. Vegkurvaturen i tilknytning til brua er relativt skarp, noko som gjer strekninga utsett for ulykker. Statens vegvesen planlegg difor å byggje ei ny bru oppstraums for dagens bru, samstundes som veglinja vert retta ut gjennom området. I tillegg vil avkøyrslar og sideterreng bli vurderte og utbetra, og kollektivhaldeplassane oppgraderte.

Eksisterande Grungen bru er opphavleg ei steinkvelvsbru frå 1890 med høg kulturminneverdi. Brua er seinare påbygd, og det er planar om å fjerne denne påbygginga for å synleggjere den opphavlege konstruksjonen etter at ny trasé for E39 er etablert.

Det er vurdert til at reguleringsplanarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing i høve «Forskrift om konsekvensutredninger». Notat med KU-vurdering ligg tilgjengeleg på Statens vegvesen og Sunnfjord kommune sine heimesider.

Postadresse
Statens vegvesen
Drift og vedlikehold
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Oppstartsmeldinga er tilgjengeleg på nettsida til Sunnfjord kommune under «Kunngjeringar»: <https://sunnfjord.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/areal-og-byggesak/arealplan/kunngjeringar/>

og på prosjektsida på vegvesen.no:

<https://www.vegvesen.no/nn/vegprosjekt/europaveg/e39grungenbru/>

Planområdet

Prosjektet E39 Grungen bru ligg langs Jølstravegen i Sunnfjord kommune, om lag 3 km frå Skei, ved Grungen langs Håheimsvatnet. Planområdet er om lag 30 daa stort og er avsett til LNFR i gjeldande kommuneplan. Kartfigur under syner planområdet. Oversiktskart med plangrense er også lagt ved planvarselet.



Figur 1 Oversiktsfigur planområde. Planområdet synt i svart stipla linje

Planområdet omfattar gnr/brn: 312/1, 312/4, 312,7, 312/12 og 326/4.

Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender synspunkt, innspel eller relevante opplysningar til oss skriftleg innan **02.11.2026** til:

Statens vegvesen

Pb. 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

eller firmapost@vegvesen.no

Innspel merkast med saksnummer «25/338021».

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med Plan- og bygningslova § 12-8. Planen vert utarbeidd etter §§12-3 og 3-7.

Har du spørsmål eller ynskjer å ta ein prat med oss kan du ta kontakt med:

Planleggingsleiar Runa Aaland Eggum

Tlf 95756106 eller

e-post: runa.eggum@vegvesen.no

Prosjektleiar Lars Inge Jakobsen

Tlf 94853509 eller

e-post: lars-inge.jakobsen@vegvesen.no

Dette brevet er sendt ut til grunneigarar innanfor og tilgrensa planområdet, grunneigarar rundt Førsvegen samt aktuelle offentlege instansar.

Med helsing

Drift og vedlikehold vest, Plan og utbygging 1

Lars Inge Jakobsen

Prosjektleiar

Runa Aaland Eggum

Planleggingsleiar

Vedlegg:

Planområde 1_2000 Ortofoto

Planområde 1_2000 Kart

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

Alf Otto Førde, Vikagarden 112, 6843 SKEI I JØLSTER
 Andreas Bolset, Jølstravegen 3642, 6843 SKEI I JØLSTER
 Anne Grete Førde, Førsvegen 488, 6843 SKEI I JØLSTER
 Anne-Kathrine Førde, Bekkesvingen 8, 5096 BERGEN
 Anny Drageset, Østvollvegen 9, 2830 RAUFOSS
 Arild Rune Klakegg, Jølstravegen 3762, 6843 SKEI I JØLSTER
 Arne Inge Håheim, HJELMBREKKEVEGEN 78, 6847 VASSENDEN
 Bjørn Arne Førde, FØRSVEGEN 413, 6843 SKEI I JØLSTER
 Carl-Richard Nyborg-Christensen, Jølstravegen 3524, 6843 SKEI I JØLSTER
 DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD,
 Ladebekken 50, 7066 TRONDHEIM
 Eli Jorunn Håheim, Jølstravegen 3524, 6843 SKEI I JØLSTER
 Elsa Norunn Håheim Nydal, Førsvegen 43, 6843 SKEI I JØLSTER
 Erling Leiv Håheim, Jølstravegen 3490, 6843 SKEI I JØLSTER
 Fløtre Holding, Heimdalsveien 4B, 1464 FJELLHAMAR
 Helge Førde, Brulandsvegen 76, 6813 FØRDE
 Jon Arve Førde, Førsvegen 490, 6843 SKEI I JØLSTER
 Jostein Kvammen Nilsen, Dalevegen 85, 6847 VASSENDEN
 Jølster Jeger- og Fiskarforeining v/Ann Kristin Gaare,
 Knut Bolset, Jølstravegen 3616, 6843 SKEI I JØLSTER
 Magnus Håheim, Førsvegen 22, 6843 SKEI I JØLSTER
 Mona Pedersen Førde, VIKAGARDEN 112, 6843 SKEI I JØLSTER
 NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION VEST, Naustdalsvegen 1B, 6800
 FØRDE
 Norvald Nedrebø, Jølstravegen 3506, 6843 SKEI I JØLSTER
 NYDALSELVA KRAFT AS, Røysavegen 1, 6893 VIK I SOGN
 Oddmund Klakegg, Jølstravegen 3692, 6843 SKEI I JØLSTER
 Ola Nils Håheim, Jølstravegen 3546, 6843 SKEI I JØLSTER
 Petra Førde, Førsvegen 521, 6843 SKEI I JØLSTER
 Sebastian Eide, Davangervegen 57, 5310 HAUGLANDSHELLA
 Solveig Vera Sunde Førde, FØRSVEGEN 515, 6843 SKEI I JØLSTER
 STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
 SUNNFJORD KOMMUNE, Postboks 338, 6802 FØRDE
 Synnøve Ragna Førde, VILHELM BJERKNES' VEI 58 B, 5081 BERGEN
 Torill Anseth, Dalevegen 85, 6847 VASSENDEN
 VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER
 Aage Steinar Førde, FØRSVEGEN 515, 6843 SKEI I JØLSTER
 Åsa Svanhild Håheim, OSPENE 26, 6843 SKEI I JØLSTER

Kopi

SUNNFJORD KOMMUNE, Postboks 338, 6802 FØRDE